
Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 4. april 2016 11:44
Til: 'kurt@deltabolig.no'
Emne: Trong for tilleggsopplysningar gbnr 27/179, i Meland kommune

Hei Kurt Terje Sjursen,

Eg sitt med søknad om oppføring av påbygg på gbnr 27/179 der dykk har vore engasjert til å gje tilleggsopplysningar som er etterspurt i mangelsbrev på Heiane i Meland kommune.

I mangelsbrevet står det at dersom tiltaket inneber eit påbygg er det krav at eit ansvarleg føretak står for søknadsprosessen, samt erklærer ansvar for tiltaket.

Eg ser at det skal etablerast våtrom i påbygget, og det må òg ligge føre erklæring frå eit rørleggarfirma for etablering av våtrom.

Saka er ikkje klar til handsaming enno, og vert lagt i ventearkiv i påvente av ny søknad og erklæring av ansvarsrettar er komen inn.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no

